

# Bokn Bygdablad

Nr. 4 mai 2010 – Årg. 25



Teknisk sjef – s. 4

Filmdilla – s. 7

Kulturhistorie-bok – s. 16

25  
år

[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)



KJEKT PÅ BOKN



# Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnemента er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidar:** Annette Bokneberg

## Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen  
Ellen Nedrebø  
Lars Norekvål

## Gjeldande annonseprisar (netto)

|                 |              |
|-----------------|--------------|
| Heilside        | kr. 500,-    |
| Halvside        | kr. 300,-    |
| Kvartside       | kr. 150,-    |
| 1/8 side        | kr. 100,-    |
| Privatann.      | kr. 50,-     |
| Fast-/fargeann. | etter avtale |

## Foto, omslag:

Stephan Haram



STORT FRAMSIDEBILDE:

Familieidyll i Trosnavåg

Foto: Jardar Havikbotn



## ORDFØRAREN RDET

*Kjære sambygding*

### Vårstemning

Me har endeleg rista av oss tre lange og kalde vintermånader og sola har så smått begynt å gje etterlengta varme til støle kroppar. Våren lot venta på seg, men endringa kom før alvor på sjølvaste nasjonaldagen. Det blei ei flott og tradisjonell 17. mai-feiring med ei boknabygd som viste seg frå si beste side.

Sommarhalvåret både kjem og forsvinn brått på våre breiddegrader. Allereie ved St. Hans snik det seg fram ei kjensle av at sommaren er på hell. Årets lengste dag representerar for meg også ei mental markering, slik som det også gjer i motsatt ende når sola "snur" den 22. desember; dagane blir gradvis kortare og det går sakte men sikkert mot jul og mørkare tider.

Av denne grunn prøver eg etter beste evne å nyte desse mai og juni-dagane som flyr avgarde fram til skuleferien startar. Etter mi meining er det årets beste periode me er inne i nett nå; lange lyse kveldar, fjåge boknarar som stellar i hagane sine og båtliv i Boknasundet. Dette er også tida for å ta i bruk den flotte boknanaturen som byr på det meste av både fjord og fjell, skog og strand, lyng og hei. Prøv ein sundagstur til Bokn sin utpost i nord, Boknahåve. Kjekt på Bokn-gruppa "Ta naturen i bruk", har gjort ein solid jobb med å merka stier, skilta og setja ut benker langs trasèen. Både Boknafjellet, Vardafjellet og villmarka nord i Bokn er vel verdt eit besøk i denne

flotte årstida.

### Kommuneproposisjonen

I kommuneproposisjonen presenterar regjeringa politikken sin for kommunane og det økonomiske opplegget for kommunesektoren for det komande året. Framlegg til revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2010 og kommuneproposisjonen for 2011 blei lagt fram 11. mai og bar preg av at regjeringa legg opp til mindre bruk av oljepengar. Dei nye talla viser likevel ei vidareføring av den raudgrønne satsinga på kommunane som har gitt 41 milliardar ekstra sidan 2005. Kommunane får mellom 4 og 5 milliardar kroner meir i samla inntekter neste år.



Kommunal- og Regionaldep. sin profil

Regjeringa legg også fram eit forslag til nytt inntektssystem for kommunane. Regjeringa peikar på at dei objektive kriteria som seier noko om kor dyr ein kommune er å drive samanlikna med andre kommunar, ikkje har blitt oppdatert på om lag 15 år. På grunnlag av nye statistiske analysar blir desse såkalla kostnadsnøkla-

ne endra slik at kommunane får inntekter etter dei utfordringane dei faktisk har i dag.

Dette betyr ein systemteknisk omveltning med omsyn til berekning av kommunen sine inntekter og utgiftsbehov. Sentrale stikkord er innlemming av barnhagetilskotet i kostnadsnøkkelen, forslag til nye kostnadsnøkler og skatteandelen av samla inntekter blir redusert fra 45 % til 40 %.

Så langt rådmannen kan sjå vil dette bety ei tilnærma uendra økonomisk situasjon for Bokn kommune sett i forhold til regjeringa sine føresetnader. Kommuneproposisjonen legg opp til ein effekt på -106 kroner per innbyggjar, omlag 86 000 kroner, som fylgje av systemendringane, mens fyrste års virkning blir + 254 kr per innbyggjar i Bokn, omlag 206 000 kr.

Dei siste åra har regjeringa auka småkommunetilskotet, noko som har har vore positivt for Bokn kommune. Sjølv om effekten er liten for neste år med nemnde systemendringar, likar eg ikkje at ein nå gjer endringar med eit tilskott som er såpass viktig for Bokn og andre småkommunar. Men med den auken i folketalet ein har opplevd til nå i år og med positive folketalsframskrivingar for kommunen dei neste åra, trur eg likevel systemendringane på sikt vil kunne slå positivt ut for Bokn kommune.

*Ordføreren*



## Kjære lesar!

- Eit bilde seier meir enn tusen ord, heiter det. Då er det mange ord på side 14 og 15. Det er hyggeleg at stadig fleire lesarar brukar Bokn Bygda-blad til å gratulera venner og familie-medlem når dei fyller året sitt, har gifta seg, bryllupsdag, fødslar m.m. Mange er også kjent med at dei kan

sjå gratulantane i fargar på bokn.no - under **Gratulerer!**  
Alle albumane under **Bilder** på same nettstad er også verdt eit besøk.

### Kulturskulepåmelding

Dei som vil melda seg på kulturskulen for skuleåret 2010/2011 bør ta ein kikk på side 10 og utover. I bladet finn du

påmeldingsskjema. Du kan også melda deg på elektronisk på bokn.no

Kulturkalenderen (s. 16) er temmeleg slank på denne tida av året. Eg satsar på at denne er fylldigare i neste utgåve, som er den siste før sommarferien - med arrangement fram mot jul.

- redaktøren -



29. og 30. mai

## Båtførarkurs anno 2010

Elisabet Taraldlien



- Då var kurset vel gjennomført og eksamen overstått. Resultatet var bra. Fem stykker var nok noko skuffa all den tid dei ikkje klarte krava om antal feil, men det blir ein ny sjanse for desse.

Dette seier ein nøgd foredragshaldar, Lars Sigmund Alvestad, etter avvikling av endå ei tøff helg med intens studering og avlagt eksamen i båtførarprøva. Det var 28 eksaminandar, og stoffet dei skulle gjennom er ikkje av det lettaste, så at heile 23 besto må ein kunne seie er ein flott prestasjon!

### Ny sjanse

Heldigvis er ikkje "båten gått" for dei som ikkje klarte kravet om talet på



Mykje å halde styr på.



Godt med ei matøkt midt i dagen.



Medlem av styret i Bokn båtforening stod for serveringa.

tilletne feil, for det er fullt mogleg å få tatt eksamen opp igjen. Det må gå 14 dagar frå avlagt eksamen, før ein kan ta ny, men då kan ein nytte tida til å lese ekstra godt.

### God foredragshaldar

Det er litt av eit dugnadslag for å få denne type intensiv-kurs til å gå så bra som det har gjort. Lars Sigmund Alvestad, underdirektør i Sjøfartsdirektoratet, held foredraga på fritida si, og er og sensor. Han fekk skryt for å vere ein svært god foredragshaldar.

Arild Ognøy var med å hjelpte til som "ekstralærer", og det var og denne karen, pluss Torvald og Magnar Øvre-bø, som sto i lapskausgrytene og ser-

verte, slik at det blei varm mat.

Bokn sanitetsforeining har levert all mat og drikke, til begge dagane.

Bokn båtforening står som arrangør, og tar seg av påmeldingar og det administrative, samt held det utstyret som trengst for å kunne lære seg å stikke ut ein kurs, til dømes.

Mange flinke folk samla i ei lita bygg, det er godt å tenkje på.



# Ny teknisk sjef

Jardar Havikbotn

## Kåre Bua byrja 16. april som seksjonssjef teknisk i Bokn kommune.

58-åringen bur i Buavåg i Sveio, der han også er oppvaksen - heilt nede ved sjøen. Han er skilt og har tre barn.

Det er ein imøtekommande, pratsam mann med ein god kommentar på lur, som har kontor i første etasje på Boknatan. Han er utdanna sivilarkitekt frå Trondheim og er godt kjent i distriktet hos næringlivsfolk og kommuneleiarar. Han har nemleg bak seg 28 år i privat næringsliv, og har opp gjennom åra vore med i 40-50 styrer, derav styreformann i mellom 10 og 20 firmaer.

### Arkitektverksemd

Han var med og dreiv arkitektfirma i 20 år, med kontor i Buavåg. Det var *AS Fjordplan*, som seinare blei slått saman med *Opus arkitekter*. Der dreiv dei med kommunal planlegging og tok ulike arkitektoppdrag. Dette var mest bustadhus, industribygg og skular i Sveio og på Bømlo, men også sør for Buavåg, t.d. i Haugesund. Kjente bygg i byen frå Kåre si hand er SR-bankbygget, Vår Frelser Menighetshus og Gardsenteret. Dei står også bak reguleringsplanen for Slåttevik.

### Eigedomsverksemd

Sveibuen var også med og bygde opp eigedomsselskap i *Eidesvik-rederiet*. Der jobba han i ni år før ferda gjekk til *Haugli* og til *Totalinvest*.

For fem år sidan byrja han i jobb på sjukehuset i Haugesund, kor han hadde ansvaret for alle eigedommane i Helse Fonna.

Det høyrer også med til historia at den nye tekniske sjefen vår arbeidde i eit byggefirma og eit konsulentsfirma før han starta eige arkitektfirma.

### Lærer og lærebokforfattar

I tillegg underviser han i periodar på Folkeuniversitetet, i "Fagleg leiing" meisterfag i bygningsfag. Kåre er også medforfattar av læreboka *Byggesaken* (bildet),



Kåre Bua på sin første arbeidsdagi Bokn kommune 16. april.

og har skrive halvparten av boka, som nå skal ut i fjerde utgåve. Det går i kalkulasjon, etikk og moral og lovar og reglar.

Då kjenner han naturlegvis godt til den innflokke *Plan- og bygningsloven*, noko han har bruk for i jobben som teknisk sjef.

- Akkurat nå er den største utfordringa å få oversikt og komma i gong med dei praktiske tinga, seier ein som likar seg godt i den nye jobben sin. At han køyrer i nærmare to timar kvar dag, er ikkje problem. Han har ofte reist mykje i jobbsamheng.

Ein skulle kanskje tru at ein mann som har vore svært aktiv i arbeidslivet i mange år, er utslitt og ved dårleg helse. Men nei, helsa hans har alltid vore god, fortel han. Jogging og turar i skog og mark sørger for det.

Forutan å vera glad i friluftsliv, har Kåre også andre hobbyar, sjølv om han seier han nok har jobba for mykje opp gjennom åra.

- Eg e jo ein bygdemann (les eldsjel), kjem det med eit smil, frå ein av dei ca. 250 sjelene som bur i Buavåg.

Ikkje vanskeleg å forstå når han fortel at han har vore gruppeleiar for Bua-speidarane, er med i bedehusstyret, Sveio Lionsklubb og ikkje minst med i Gullforeningen.

Det har nemleg vore gullvaskeri i Buavåg i samband med gullgruvene på Hovda, og dette har då foreningen laga ein modell av. Dei arrangerer også årlege "gullturar" til dei gamle gruvene.

Veldig historieinteressert er mannen også, og har gjerne ei bygdebok på

nattbordet.

### Langsiktig auke

Dei endringane som har skjedd i Sveio dei siste 10-15 åra, med vekst i busetnad og næringsetableringar, trur han også vil skje i Bokn pga. E39, T-sambandet, Rogfast og nærleiken til sentrale byar. Dette meiner han er ein langsiktig sak, og ein bør vera i forkant og leggja til rette for veksten.

Kåre trur at dersom Bokn skal overleva som eigen kommune meir enn nokre få år, må han bli større og ha eit meir allsidig næringsliv.

Han trur også det er svært viktig at både politikarar og administrasjon engasjerer seg i revideringa av kommuneplanarbeidet, og at dei retta vala blir gjort.

- Dette viktige arbeidet kan vera ganske avgjerande for utviklinga framover, avsluttar Kåre Bua.

### Bygdabladet ønsker han lukke til med arbeidet sitt i kommunen.

Kåre Bua har e-post

kaare.bua@bokn.kommune.no

Og du treff han på tlf.

52 75 25 06 - 91 56 44 01



## Båtnaustsal

Kjetil Hamre

I eit strålende vær gjorde *Bygg og kaianlegg AS* eit saltframstøt ovafor boknarar og andre interesserte marine sjeler.

Det er tidlegare skrivne om prosjektet som no verkeleg byrgjar å nærma seg slutten. Her er det 15 naust som blir bygde, og det er ein molo som skal skjerma mot den verste nordavindskulingen.

Nausta kjem til å ha både straum, vatn og kloakk lagt inn. Fullt isolert inkludert i ein «loftsdel» gjer dei klare til heilårs og praktisk bruk. Den første del av dagen var det ikkje så stor pågang, men det gjorde ikkje journallisten noko. Det var servering av mat og drikke og dermed god mulighet til å spisa og drikke.

Eg fekk og ein god prat med Ole Johnny Hauge, ein av sjelene bak prosjektet. Han ga og skryt til kommunen. Denne hadde vore resultatorientert og ein god støttespelar gjennom det heile. Johannes Nilssen fekk og mykje skryt for sitt arbeide med prosjektet. Ja, generelt sett var det myke lovord å hente hjå firmaet.

Boknaren viste konkret interesse og tre naust vart og selde denne dagen. Mangt eit familieråd vil det nok og bli i ettertid. Det var i alle fall mange direkte spørsmål som vart stilte av dei interesserte.

Arne Hosaas diskuterer nausta på rekkje og rad



I midten av juli skal det heile vera ferdig. Litt forseinka på grunn av den strenge vinteren blir det. Men kven tenkjer på vinteren når sommaren endeleg står for dør.

Når det heile vert ferdig vil anlegget og innehalda ein del båtplassar til utleige. Firmaet Bygg og kaianlegg ser seg svært interesserte i eit liknande prosjekt i framtida her på

Bokn. Dette skuldast beliggenheit mellom storkommunane Haugesund og Stavanger, samt at små forhold og ein velvillig og profesjonell kommune, som har vore god å samarbeide med.

Bokn Bygdablad ynskjer alle involverte lukke te med både dette prosjektet og eventuelle framtidige prosjekt.

## Flott nasjonaldag

Jardar Havikbotn

Med fint vær og gjennomtenkt program frå 17. mai-komiteén blei grunnlovsdagen 2010 ein minnerik dag for mange.

Etter at folkefesten om kvelden forsvann og togstart ved kyrkja blei innført for nokre år sidan, fungerer programmet for nasjonaldagen veldig bra, med lite stress for alle dei som jobbar med gjennomføringa. Småjusteringar er det alltid plass til, som å halda konserten for sjukestova på vestsida, med bebuarane sitjande ute. Suksess! Suksess er det også med kapproing der toget sluttar, noko som blei innført samstundes med kortare togrute.

Vårsola var framme, og det blei finare og finare vær utover dagen. Ein stor fordel med opphaldsvær. Då blir det god plass til alle, enten folk går inn for å sjå og høyra programmet i gymsalen, eller vera ute og berre høyra gjennom ein av dei tre lydhorna som er plasserte rundt bygget.

### Tradisjonelt program

Leiar av 17. mai-komiteén, June Kro, hadde full kontroll på programmet, der ho introduserte ordførar Kyrre Lindanger, allsogar, festtalar Merete Alvestad og kulturskuleelevane Maria Nilssen og Regine Nilsen. Syskenborna framførte songen *Another You* med gitar og song - eit flott innslag, som dei også framførte på Sanitetsforeningen sin basar 2. Juni.

Både små og store koste seg med god mat, snop og ulike aktivitetar rundt på skuleom-



**INGEN TVIL:**  
17. mai med flagg, is og bunad; mormor Reidun Grønnestad og Andreas G. Alvestad.

Foto: Elisabet Taraldlien

Dette bildet og mange fleire finn du under *Bilder* på bokn.no - i 17. mai 2010

rådet. Pluggen Motorklubb var på plass i år også og hadde ei flott oppvisning.

Etter leikane heldt barnekoret konsert på scena. Ein ungflokk som syng saman i finstasen gir alle ei god oppleving, og minnar oss om at 17. mai også blir kalla *Barnas dag*.

Og som avslutning på det offisielle programmet, var det trekningar og premieutdeling, både for 17. Mai og postkassebøkene på Boknafjellet, Vardafjellet og Boknahåvet (jmf. april-utgåva).

### Musikalsk takk

Tog og marsjering er sentrale ord på denne

dagen, og utan bass og trommer fungerer ikkje dette. Ein stor takk til Lillian Grønnestad på bass og Wolfgang B. Ognøy, som sørga for komplett slagverkavdeling i korpset. Han styrte også lyden i gymsalen. Takk også til Oddrun Nilssen for forsterkning i grovmessingen!

### Bilder på bokn.no

På nettsida finn du rundt 100 bilder frå feiringa. I og med at det blei litt trangt om plassen i dette nr., passar det fint at du tar ein kikk i det elektroniske albumet. Ved å dobbeltklikka på småbildene på skjermen, blir bildene større.

# Taekwon-Do

Tekst: Anne L. Faye - foto: Hans Faye

Taekwon-Do (som betyr fot-håndkunst) er en koreansk form for selvforsvar. Men det er også en idrett der du får lære mer enn bare selvforsvar med blokkeringer, slag og spark. Man får også lære at det er viktig å oppføre seg pent og respektfullt overfor andre mennesker, i tillegg til å lære å konsentrere seg bedre.

Taekwon-Do er først og fremst en måte å leve på i fred med andre mennesker. Dens historie er over 1000 år gammel.

Hver fredag, fra kl. 17.00 – 18.30 er Jonas, Kristian og Sander på trening på Rossabø skole i Haugesund. Kristian og Sander har trent siden høsten 2008, mens Jonas begynte et par måneder senere.

Beltesystemet er et svært viktig pedagogisk virkemiddel for å oppnå en personlig utvikling hos hver enkel taekwon-Do-elev.

Graderingene (belteprøvene) markerer vanligvis slutten på hvert semester (jul, påske, sommer). Hver beltegrad har sitt pensum, og hva de får lov til å lære, avhenger derfor av hvilken beltegrad de har.

Ved siste gradering gikk Kristian opp hele to beltegrader, mens Sander og Jonas gikk opp en beltegrad. De gjorde en flott innsats alle tre. Kristian og Sander har i dag gult belte med to striper, mens Jonas har gult belte uten striper.



**OPPGRADERT: Fv. Kristian L. Alvestad, Sander Alvestad og Jonas L. Faye.**

Taekwondo er opprinnelig en koreansk selvforsvarsgren og en konkurransedrett, som i dag er en global internasjonal idrett.

Taekwondo er en kampsport med røtter som strekker seg flere tusen år bakover i tiden.

Norges Kampsportforbund er det særforbundet i NIF, som organiserer taekwondo, karate, jujutsu

og wushu i Norge, og som arrangerer de offisielle Norgesmesterskapene innenfor de ulike idrettene.

Taekwondo er en olympisk sport, og er blant de 10 mest utbredte idretter i verden.

Kjelde: Wikipedia

## Søppeldagen

Sigrunn H. Hosaas

Onsdag 5. mai og torsdag 6. mai hadde barnesteget på skulen sin årlege ryddeaksjon. Då blei elevane fordelt over område på og ved skulen og langs skulevegen for å plukke søppel.

Onsdag plukka mellomsteget søppel og anna avfall langs skulevegen og mange av elevane reagerte på kor mykje avfall som låg i veg-grøftene.

Især 7. klasse syntest det var mykje som må ha blitt kasta ut frå bilar frå Knarholm-krysset og opp bakken til Alvestad. Her er det berre å minne alle på at det som blir kasta ut av eit bilvindaug, landar i og ved vegen og blir liggjande der.

Også langs vegen i Føresvik og vidare mot Boknatun fann elevane mykje som dei lurte på kvifor det låg i veg-grøfta.



**5. KLASSINGAR VED BOKNATUN: Bak fv. Eline F. Øvrebø og Kristian K. Hanssen. Foran fv. Ida Havikbotn og Malena Hognaland**

Foto: JH

Torsdag var det småskulen, 1.-4. kl. som brukte ein skuletime på å rydde på skulen sitt område. Resultatet blei mange svarte sekker fulle av papir, plast, kartongar og anna som har samla seg gjennom vinteren.

Godt jobba, og no er det fint rydda til høgtidsdagane i mai og til sommaren.





# Laga film for Bokn skule

Jardar Havikbotn



12. mai lanserte Maria Banaszkie-wicz filmen sin om Bokn skule. 10. klassingen går på filmkurs i regi av Haugaland Vekst - "Filmtalenter", og har laga filmen som ei prosjektoppgåve på skulen.

Filmen handlar om korleis det er å gå på skulen i Bokn, og inneheld intervju og ulike skuleaktivitetar. Sjølv introen er frå Boknafjellet, og etter ein 360 graders panorama-rundtur frå toppen blir skulen zooma inn og sjåaren blir invitert inn i skulebygget.

Maria har lagt inn kommentarane og alle intervju spørsmål på engelsk. Dette gjer at filmen får eit inter-nasjonalt preg, og han er også til-gjengeleg for heile verda ved at han ligg på YouTube og Facebook, forutan boknskule.no og bokn.no

## Likar å skriva

Maria likar å bruka dei kreative evnene sine og skapa noko. Ho har skrivne fleire manus heime, og det er også manus-gruppa ho er med i på film-kurset.

15-åringen er frå Tyskland og lærte seg fort norsk då familien flytta til Bokn. Nå snakkar ho tre språk flytande samt at ho også har spansk på skulen.

Det filmkurset ho går på nå er eit vidaregåande kurs i "Filmtalenter". På første kurset begynte dei på ei historie (såkalla "story" i filmverda). Nå fullfører dei story'en og skriv han om til eit manus med scene-anvisningar, replikkar, lyssetting, osv.

Filmen som kursdeltakarane lagar har som mål å bli vist på Filmfestivalen i august.

## Leveveg?

Maria sukker lett og innrømmer at film er gøy, men ho trur nok at slikt arbeid blir ein stor hobby i framtida. Ho har søkt på IB (Internasjonal Bacca-laureate), men har Media og kommunikasjon som andreval, så det vil visa seg kor ho havnar til hausten.

- Det e ganske løye da, men det blir nok helst på fritidå, seier den tysk-fødde jenta og fortel at planen hennar er å bli interiør-arkitekt. Også der vil ho nok få stort behov for dei skapande evnene sine.

Maria er ein flittig gjest på Petra fritidsklubb og Artep kulturkafé, og ho gler seg til å laga filmstudio der oppe. Og ho er klar med grønfarven når dugnadstida kjem i lokala på Kyrkje-bygd. Green Room må til skal det bli film.



Maria Banaszkie-wicz i filmredigeringsrommet på Bokn skule. Det flotte utstyret er kjøpt inn av prosjektmidler frå "Filmtalenter".

Bokn Bygdablad vil koma tilbake til filmstudioet når det står klart til hausten.

## Filmdilla

Det er ikkje berre Maria som synest det er gøy med film. Også sju andre ungdommar frå Bokn går på det drøye to månader lange filmkurset på Hemmingstad Kultursenter i Haugesund. Kurset skal avsluttast før sommarferien, og mange timar og mykje reising har det blitt i løpet av desse to kursa. Men kva gjer ein ikkje for ein god hobby?

Tilgang på mykje flott og moderne fimutstyr i skulekvardagen har dette skuleåret ført til meir filmaktivitet enn vanleg. Bygdabladet kjenner til at fleire klassar er i full sving denne våren. Kanskje er Filmtalent-prosjektet starten på ein framtidig filmklubb i kommunen, som representerer eit kulturuttrykk, som igjen vil gjera bygda rikare. Ingenting ville vore betre.

Kursdeltakarane frå Bokn utgjør faktisk ein tredjedel av alle på kurset. Dei sju andre er Andrea H. Fostenes, Oddgeir Hognaland, Renate Eide, Remi André Jøsang, Benedicte O. Mæland, Martin Trosnavåg og Regine Nilsen. Sistnemnde har også skrivne manus heime, og ho og Maria har planar om å laga ein film av dette. Spannande!

- Og kva med filmen på filmkurset, den skal handla om?

- Nei, då får dokker venta te Film-festivalen, avsluttar Maria Banasz-kiewicz. med eit lurt smil.



## "FILMTALENTER"

Har grunnleggande og vidare-gåande kurs, med mål om å få filminteressert ungdom til å satsa på film som leveveg, og delmål om å få til eit inter-nasjonalt samarbeid.

Grunnidéen er å leggja til rette for at ungdom som er interesserte i film skal kunna arbeida med film både i skule-tid og fritid.

Det omfattande kurstilbodet er også for fritidsklubbleiarar.

Kursdeltakarane får opplæring i å laga manus, vera produ-sent, jobba med lyd, lys, smin-ke, kostyme og redigering

Det skal også etablerast film-verkstader på fritidsklubbane, der det blir tilgang til filkame-ra, redigeringsverktøy og enk-le studiomuligheiter.

Vidar Vorraa i Haugaland Vekst er prosjektleiar, og samarbeidspartnarar er vidaregåande skular, ung-domsskular, Ungt Entreprenørskap, fritidsklubbar, Hemmingstad Kultursenter og Genesis Film.

Kommunal- og Regionalde-partementet har bevilga 800.00 kr. til prosjektet.

## Kjæledyret mitt

Alle med kjæledyr  
kan vera med i  
serien.  
Ta kontakt på  
post@bygda-bladet.no  
Tlf. 98 22 15 08



## Desmo

Ingrid N. Hetland

Hei,

Eg heiter Desmo og eg er katten til Ingrid. Eg er ein Maine Coon.

Eg bur på Laupland og eg elsker å sove! Det er ein av dei tinga eg likar best. Eg pleier av og til å sove i sengene til Ingrid og dei.

Eg kom til Laupland som eit grått lite nøste. Då hadde eg vore på katteutstilling med søsken, mor og oppdrettaren min i Bergen. Der blei eg kåra til den beste og mest lovende i kullet, men utstilling var ikkje noko for meg. Eg blei redd av lydar og mange mennesker rundt buret mitt.

Om natta ligg eg ute i skogen. Når lysa blir slått på i huset om morgonen, går eg og mjauar så høgt eg kan. Då vil eg ha frukost. Ein pusekonge som skal halda garden fri for mus må ha mykje mat.

Eg likar fuglar også. Ein dag laga eg eit forferdelig lurveleven utafor huset. Då ville eg leika litt med ein svarttost med orange nebb. Men fuglen berre stod og skreik for full hals og såg på meg med redde augo.



Eg hadde god tid og snudde meg stolt mot matmor for å få skryt.

Eg likar å tøffe meg når Ingrid er ute, då klatrar eg oppi trea. Eg elsker å bli kost med, særleg på ryggen.

Eg pleier å vekke alle med mjauingen min, men ikkje så mykje lenger.

Når Ingrid hadde bursdag ein gong ville ho ikkje stå opp, men då sa mammaen til Ingrid til meg: gå og vekk Ingrid. Då gikk eg opp trappa og vekke henne. Men då blei ho sur!

Neste gong fortel Kristina Kallevik Hanssen om lammet Sander.

## Sprek raudruss

Jardar Havikbotn

Janne Elin Vatnaland sykla til russetreff i Kongeparken 7. mai - ein tur på 7,8 mil. Bragden blei gjort på ein herresykkel utan gir. Ho starta kl. 06.00 og var framme kl. 14.00.

Dagen før "varma ho opp" med å springa det 5 km lange "Hydro Rundt" på 20 min. og 49 sek., noko som blei *Topp-tre* av damene, så det er ingen tvil om kjempeform på avgangseleven!

**Sjekk gruppa Rød Frakt AS på Facebook, med over 240 medl.**



Foto: Privat



**Møte 06.05.10****021/10: REGULERINGSPLAN FOR BOLIGER I ALVESTADKROKEN.-ALVESTADKROKEN NORD**

Vedtak:

Med heimel i PBL §§12-10 og 12-11 vert framlegg til reguleringsplan for Alvestadkroken Nord med tilhøyrande føresegnar lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker. Offentlege organ, naboar og andre berørte partar vert varsla direkte med brev.

**022/10: GNR.20 BNR.3 -SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM TIL FRITIDSBOLIGFORMÅL-SUNNALAND**

Vedtak:

Med atterhald om at det vert oppnådd semje mellom Statens vegvesen og søkjar om plassering av eit framtidig bygg på tomte godkjenner forvaltningsstyret frådelling av tomt for fritidsbustad med heimel i PBL § 93.

Rett til bruk av avkjørsla må tinglysast.

I samband med søknad om byggeløyve for eit framtidig bygg, vil det verta stilt krav om at det vert dokumentert tilgang til tilstrekkeleg og hygienisk trygt drikkevatt, jfr. PBL § 65

**023/10: FASADEENDRING PÅ NAUST GNR.5 BNR.32**

Vedtak:

Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne godkjenne fasadeendring med glasdør slik det er søkt om, då dette er i strid med gjeldande regler for utforming av naust i kommunen.

Fasaden må først tilbake til det som var opphavleg godkjent.

Arbeidet må vera utført innan 1. august 2010.

Det vert understreka at bygget er godkjent som naust, og at det ikkje er godkjent bruksendring til anna føremål.

**024/10: SØKNAD OM BYGGING AV LANDBRUKSVEG**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forvaltningsstyret finn at anlegg av landbruksveg slik som omsøkt, må sjåast på som eit anlegg som er naudsynt for landbruket, og som derfor fell under innafør unntaket i PBL § 17-2 i plan- og bygningslova av 1985, jfr. rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet.

Anlegg av landbruksveg vert derfor godkjent med heimel i PBL § 93 j).

**025/10: GNR.11 BNR.83,ALVESTADKROKEN-SØKNAD OM UTFYLING I SJØ-TILTAKSHAVER: BENTE HOPLAND OG MAGNE ALVESTAD-DISPENSASJON FRA REGULERINGSPLAN**

Vedtak:

Forvaltningsstyret dispenserer fra gjeldende reguleringsplan for utfylling i sjø som vist på kart datert 03.05.2010. omsøkte utfylling er vist med blå farge.

Fyllingen skal avslutte s mot sjø med steinsatt mur eller tre-kledning

Før arbeider settes i gang må det sendes inn søknad om tiltak med ansvarsretter for alle arbeider

Tiltakshavere må oversende saken til karmsund havnevesen. eventuelle vilkår for utfylling vil bli tatt inn i vilkårene for igangsettingstillatelsen.

**026/10: GNR.16 BNR.3-SØKNAD OM UTSLIPPS-TILLATELSE TIL SJØ FRA FRITIDSBOLIG**

Vedtak:

Med hjemmel i Forurensningsforskriftens §12-5 godkjenner forvaltningsstyret utslippstillatelse fra fritidsbolig på gnr. 16 bnr.3

Eksisterende utslipp fra bolighus på gården skal tilknyttes utslippsledningen.

Utslippsledningen skal plasseres som vist på kart dater 06.05.2010 og føres ut til min. 5m dyp.

Ledningen skal dimensjoneres for å kunne betjene utslipp fra planlagte utslipp i området.

Odd Grønnestad skal godkjennes som ansvarlig utførende. Det skal leveres innmålingsdate med NE koordinater og ferdigattest til kommunen.

Tiltaket skal utføres i samsvar med vilkårene i delegasjons-sak 86-05 fra Karmsund Havnevesen.

**027/10: GNR.1 BNR.1- BRUKSENDRING AV SJØHUS TIL BASE FOR HAVNETAXI-UTVIDET BRUK AV AVKJØRSEL**

Vedtak:

Forvaltningsstyret opprettholder sitt vedtak av 04.02.2010 med følgende presisering:

Saken oversendes Statens vegvesen til endelig behandling vedrørende utvidet bruk av avkjørsel til E39

Tiltakshaver pålegges å sende inn reviderte fasadetegninger innen den 28mai 2010

**028/10: GNR.3 BNR.4-SØKNAD OM DISPENSASJON FOR FRADELING AV BOLIGTOMT**

Vedtak:

Med hjemmel i PBL§ 19 dispenserer forvaltningsstyret fra gjeldende kommuneplan for fradeling av boligtomt som vist på kart datert 04.05.2010.

Tomtegrenser skal fastsettes på grunnlag av en eventuell oppgraderingsplan for Øvrabøvegen

Bolig på tomte skal planlegges med særlig vekt på landskapsmessig tilpasning. Byggesaken skal legges fram for forvaltningsstyret.

Tomte skal tilknyttes eksisterende utslippsledning fra bestående boliger som er utskilt fra gnr.4 bnr.3. Utslippsledningen må eventuelt oppgraderes.

Det må søkes om egen utslippstillatelse.

Det tillates ikke hogst i registrert område for biologisk mangfold i strandsonen mellom Øvrabøvegen og sjøen.



# PÅMELDING KULTURSKULEN 2010/2011

Det har vore gledeleg å sjå den store oppslutninga rundt tilboda i Bokn musikk- og kulturskule no i vår. Det er difor ekstra hyggjeleg å kunne meddele at tilbodet om piano- og gitarundervisning vil halda fram hausten 2010/skuleåret 2010/2011. Det blir også tilbod om ungdoms-/vaksenkor.

(Det vil bli lagt ut enkelte helge-kurs, men nærare informasjon og påmelding til desse vil komma ved oppstart av haustsemesteret.)

## Lærarar

Gitar: Kristoffer Vincent Hansen

Piano: Venevil Birkelund

Kor: Anne Tove Øvrebø  
Øving éin gong i veka. Antakeleg tysdagar kl. 18.00 – 19.30 (med atterhald om endringar).

Aldersgruppe: Frå 8. klasse og oppover.

Repertoar: Populærmusikk/  
gospel.

## Opstart

Undervisninga startar opp i august, veke 34, og følgjer elles skuleåret. Dvs. ikkje undervisning når det er fri i skulen.

Kvar økt for instrumentundervisninga varer i 20 minutt.

## Prisar

Piano og gitar: Kr. 640,- pr. halvår

Kor: Kr. 510,- pr. halvår

Faktura blir tilsendt ein gong pr. semester.

Søskenmoderasjon: 30 % på rimelegaste tilbod.



## Påmelding

Påmeldingsfrist:

**Måndag 21. juni 2010.**

Skriftleg påmelding via nett eller ved innlevering av skjema som du kan rive ut av dette bladet. Skjemaet leverast til skulekontoret Bokn skule, ved Annette Bokneberg.

Påmeldinga er bindande. Sjå "Bindingstid" nedanfor.



## Bindingstid

Påmeldinga er bindande for eit halvt skuleår (eitt semester) om gongen. Eleven blir tildelt plass i kulturskulen for eitt skuleår. Eventuell unytta elevplass gir ikkje rett til tilbakebetaling av skulepengar.

## Utmelding

Utmelding må skje skriftleg til kulturskulens administrasjon innan 10. desember for vårsemesteret.



## Søknad og optak

Alle søkjarar skal få tilbakemelding om at søknaden er mottatt og registrert.

Dei som får plass frå hausten av får melding om dette innan skulestart.

Då kjem også nøyaktig tidspunkt for time.

Dersom ein ikkje skulle få plass, blir ein sett på venteliste og blir kontakta så snart det blir ledig plass.

Fint om du set ein merknad på påmeldingsskjemaet dersom det skulle vere ein dag som ikkje passar for deg.

Håpar på god pågang og at det kan bli eit fint og lærerikt år i Bokn musikk- og kulturskule.

## På vegne av kulturavdelinga

**Anne Tove Øvrebø**

**Tlf.: 41 68 33 44**

Dei som vil melda seg på, kan enkelt riva ut den neste sida. Arket er blankt på baksida slik at ein ikkje samstundes tar med seg anna innhald i bladet.

(Brett langs den stipla perforeringskanten før utriving, så er du sikker på å ikkje skada bladet)

Du kan også melda deg på elektronisk ved å bruka skjemaet på bokn.no. Dette skjemaet vil havna i rette innboks på skulekontoret, noko som blir bekrefta i svarmail.

- redaktøren -



**PÅMELDINGSSKJEMA  
BOKN MUSIKK- OG KULTURSKULE 2010/2011**

|                                                                     | Søkjær 1 | Søkjær 2 | Søkjær 3 | Søkjær 4 | Søkjær 5 |
|---------------------------------------------------------------------|----------|----------|----------|----------|----------|
| <b>Namn på søkjær</b>                                               |          |          |          |          |          |
| <b>Kurs</b> (Sett kryss i ruta under for det kurset søkjær ynskjer) |          |          |          |          |          |
| <b>Gitar</b>                                                        |          |          |          |          |          |
| <b>Piano</b>                                                        |          |          |          |          |          |
| <b>Kor</b>                                                          |          |          |          |          |          |
| <b>Merknad</b>                                                      |          |          |          |          |          |

**Kontaktinformasjon**

|                               |  |
|-------------------------------|--|
| Adresse                       |  |
| Telefon heim/mobil (foresatt) |  |
| E-post (foresatt)             |  |

Underskrift: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_  
(av foresatt dersom søkjær er under 18 år)





## MINNEORD

### Synnøve Alvestad, f. Økland er død, 89 år gamal.

Ho vart fødd i Stavanger, og voks opp på Hommersåk saman med tre sysken. Foreldra var Teodora (f. Jødestad) og Sigvart Økland.

I ungdomen gjekk ho på husmorskule på Finnøy, og arbeidde ei tid på Frue Meieri i Stavanger, inntil ho i 1945 gifta seg med Henry Alvestad og dei flytta til Bokn for å ta over slekts-garden hennar. Her dreiv dei garden saman og fekk etter kvart fire barn. I periodar var Henry ute på vinter- og sommarfiske, og då var det Synnøve som dreiv garden samtidig som ho passa ungane.

I 1970 overtok eldste sonen garden, Henry flytta til Karmøy og fekk arbeid der, men Synnøve vart buande på garden inntil den siste sonen var ferdig på skulen. I 1974 flytta ho også til Karmøy og fekk arbeid som kokk på Karmøy hotell. Der arbeidde ho fram til ho vart pensjonist.

I 1990 flytta dei tilbake til Bokn, til hytta som dei hadde bygd på garden. Her fekk dei 13 gode år saman. Dei var aktivt med i Pensjonisten, og lika godt å reise på turar rundt i distriktet.

Synnøve lika godt å stelle i hagen, og ho var svært flink med handarbeid. Både barn, barnebarn og olderbarn har mange hekla dukar, brikker og liknande, og mange gode og varme heimestrikka ullsokkar. Då ho var åleine, vart det etterkvart for tungt å bu aleine i huset på Kleivå, og ho fekk seg ein fin



omsorgsbustad i Føresvik. Her treivst ho veldig godt og deltok i dei aktivitetane som vart arrangert inntil årsskiftet, då helse byrja å svikta.

Som menneske var Synnøve omgjengeleg og omsorgsfull, og alltid blid. Ho var glad i å ha vener og familie rundt seg, og spesielt kosa ho seg når barnebarn og oldebarn var på besøk, då gjekk det ikkje lenge før det var nysteikte lappar, pannekaker eller vaflar på bordet.

Ho etterlet seg fire barn, 17 barnebarn og 15 oldebarn, som sit tilbake med mange gode minner.

Omsetning  
av  
eigedomar i  
Bokn  
kommune

Kjelde: Statens kartverk

**Andel av Lodavegen  
529 (Gnr 20, bnr 8)** er  
solgt for kr 500.000 fra  
Hans Rune Øvrebø til  
Magnar Øvrebø  
**(19.04.2010)**

## Kulturkalenderen

### Juni

- 11. Kino i Auditoriet
- 13. Bokn bedehus: Møte – Gideon 19.00
- 15. Kommunestyremøte
- 17. Forvaltningsstyremøte kl. 19.30
- 27. Gudsteneste kl. 12.00

### Juli

- 03. - 10. Bokn KFUK-KFUM-speidarar:  
Lista 2010
- 10. Sommarkmarknad i Føresvik med utedans  
om kvelden

## Sommarope på biblioteket

Biblioteket har ope kvar måndag frå 16 – 19 i skuleferien unntatt måndag 19. og måndag 26. juli.

Sjå elles oppslag på biblioteket.

## Bygdabladet for 20 år sidan

### BOKNASUNDET BRU – TIDLEGAST KJØRBAR VED ÅRSSKIFTET

I ein kvartalsrapport frå kontoret til Bokn-prosjektet seier ein nå at Boknasundet bru tidlegast vert kjørbær ved årsskiftet 1990-91. Fritt frambygg frå akse 2 aust) på brua er nå på det næraste ferdig, og flytting av vogner over til akse 3 (vest) vil foregå i midten av mai.

Når det gjeld vegen over Austre Bokn er denne som kjent åpen for trafikk fram til kryssing av fylkesvegen. Dei siste 3-400 meter mot Boknasundet vert ferdigstilt i samband med sluttarbeida på brua. På Vestre Bokn er vegen ferdig asfaltert frå Alvestadkroken til Industrivegen. Industrivegen er nå ferdig utvida, og vil bli asfaltert 2. og 3. mai. Sprenging og masseflytting sørover i riksvegtraseen er nå godt i gang. Ein er nå ca. 1,5 km sør for Industrivegen, og det står att ca. 3 km til ferjeleiet i Arsvågen.

Fram til ferien vil ein ha ferdig planert veg fram til Lauplandsvågen bru. Her skal det byggast ei 54 m lang bru med byggstart først i august. Anbudet på ferjekaisystem i Arsvågen er nå til berekning hos entreprenørane. Anbudsåpning mandag 30. april. Arbeidet vil starta i slutten av mai. Vegvesenet sitt mål er å få heile vegsystemet i funksjon før sommartrafikken i 1991. Vestre Bokn vil bli landfast ved årsskiftet 1990/91.

# Gratulerer!



Send bilde og tekst til [post@bygdbladet.no](mailto:post@bygdbladet.no) eller MMS til 98 22 15 08



**Ingrid N. Hetland**  
Minstejenta vår fylte 11 år 24. april  
Gratulerer med dagen, Ingrid!

**Hilsen mamma, pappa, Karen og Gabriel**



Me gratulerer **Ida på Sola** som blei 6 år 25. april

**Stor bursdagklem fra oss på Bokn.**



**Mathias Knutsen**

Me gratulere gogutten vår med 2 års-dagen som var 1. mai!

Håpe du hadde ein super dag! Trur nok kanskje d vanka "masse bilar" så du sjøl seie...

**Bursdagsklemmar fra mamma, pappa og dadda Madelene:)**



**Thor Jøsang**

Me vil gratulera far, svigerfar og Besten vår med 70 års dagen som var 3. mai. Me er masse gla i deg!!!

**Hilsen barn, svigerbarn og barnebarn.**



Me gratulerer **Annlaug på Sola** som hadde bursdag 4. mai

**Stor bursdagklem fra oss på Bokn.**



Me gratulerer **Kjartan på Sola** som hadde bursdag 4. mai

**Stor bursdagklem fra oss på Bokn.**



Me gratulerer **Truls på Randaberg** som blei 1 år 4. mai

**Stor bursdagklem fra oss på Bokn.**



**Runa Schmeichler 20 år**

Gratulera med vel overstått 20 års dag, som var 4. mai

**Klem fra Lene**



**7 år 12. mai, Sindre og Kristoffer Solberg**

Gratulera med 7 års dagen! Håper dere hadde en fin bursdagshelg

**Klem fra pappa og mamma**



**Hege Sunde 40 år 5. mai**

Gratulera så masse med dagen! Stor-koste oss på festen.

**Klem frå "bunadsklubben"**



**Hege Sunde 40 år 5. mai**

Me vil gratulere vår kjære søster, svigerinne og tante med 40 årsdagen.

Takker for en fin kveld med venner og familie lørdag 1. mai.

**Stor klem fra Marit Elin, Edgar, Vegar og Therese**



**Celina Bokneberg 16 år den 5. mai**

Gratulera såå masse med dagen og mopedlappen.

**Goe klem frå Julie, Eskil og mamma:))**



Me gratulerer **Per Henrik på Sola** som blei 9 år 6. mai

**Stor bursdagklem fra oss på Bokn.**



# Gratulerer!



**Julianne Nilssen 40 år 9. mai**

Gratulera med dagen til ei flott kvinne!

**Klem frå klubben**



**Annelin Eide 12 år 22. mai**

Gratulera med dagen til min gode venninne.

**Klem fra Amalie**



**Annelin Eide**

Me vil gratulera minstajentå våres med 12 årsdagen den 22. mai. Håpe du får ein kjekke dag.

**Klem fra mamma, pappa, Silje og Renate**



**Annelin Eide**

Gratulera så masse med dagen 22. mai

Glad i deg!

**Klem Målfrid**



Hurra for **Magnus G. Alvestad** som fyller 7 år 27. mai

Gratulera så masse!

**Mongen klemmar fra farmor, farfar og tante Irene**



**Lene Vatnaland, 8 år 29. mai**

Me vil gratulera den goa jentå våres med dagen!

**Store klem fra mamma og pappa**



**Amalie Nilssen, 12 år 29 mai**

Gratulera med dagen!

Klem fra mamma, pappa, Regine og Sailor



**Amalie Nilssen, 12 år 29. mai**

Gratulera med dagen!

**Hilsen onkel Artur, tante Ragnhild, Martin, Harald og Sverre.**



**Amalie Nilssen, 12 år 29 mai**

Gratulera så masse med dagen, håpe du koste deg masse!

Me kjempe glad i deg<3

**Klemmar fra Målfrid, Annelin og Marita**



**Hermine Lindanger, 8 år 30. mai**

Gratulera så masse med 8 års dagen:)

**Klem fra Lene**



**Hermine Lindanger**

Gratulera så masse med 8 års dagen den 30. mai. Glad i deg

**Klem fra farmor og tante Monica**



**Kelly Vatnaland, 5 år 2. juni**

Me vil gratulera deg så masse med dagen. Håpar at du får ein fin dag.

**Klem fra Lene. Tante og onkel helsar også.**



**Tor Alvestad** gratuleres så mye med 80 års dagen 4. juni

**Stor bursdagsklem fra barn, svigerbarn, barnebarn og oldebarn.**



Me vil gratulera **Erna Aksdal** med 90 års dagen den 17. juni.

**Dagen feires på Allrommet, Boknatun med åpent hus fra kl. 13.30**

**Hilsen fra små og store i familien**





Ønsker å gratulera **Hanne Marte Vatnaland** med 21 års dagen 4. juni.

**Ha ei fin dag!**

**Kjempeknip fra Pappa, mamma, Janne Elin og Båtsman**

## DÅPSGAVEN

Du får vann over hodet, tar det med et smil  
Tar snart beina fatt og går mil etter mil  
Men vil alltid være gullet til far og mor  
Det føles trygt i en verden så stor

Kjetil Hamre

© kjetil hamre

## Kommunal info

## VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike tilstelningar, handla på butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å vera

tilgjengelege som sjåførar, og desse har ei vaktordning og ein mobiltlf. til disposisjon.

For å avtala tid, ring dette nr.

# 94 14 47 35

Helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren -

- **Kr. 3,50 pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.**

- **Minstepris kr. 100,-**

# Klart for kulturhistorie-bok

Jardar Havikbotn

**Torsdag 29. april starta Birger Lindanger arbeidet med å samla Bokn si kulturhistorie mellom to permar. Boka skal ligga under jule-treet i 2012.**

Historikaren og bygdebokforfattaren har ført i pennen "Bokn, gard og ætt", og nå har han blitt engasjert av kommunestyret til å skriva kulturhistoria for bygda.

### Historisk prosess

Ei kultur/bygdesoge er ifølge forfatteren nr. 3 av 6 historiske nivå som bygger på kvarandre. Medan slekts-historia og gardshistoria kjem før bygdesoga, er fylkessoga, rikssoga og verdssoga nivå 4, 5 og 6.

- Det handlar om historisk forståing, som startar helst ved det nære og konkrete. I lokalsamfunnet blir ressursane skapte som dannar basis for riks- og verdshistorie. Gjennom bygdesoga vil den einskilde finna seg sjølv og si næraste slekt som grunnleggande aktørar i den historiske prosessen, fortel Birger Lindanger, som nettopp har avslutta kulturhistoria for Sola kommune.

1. amanuensis fra Universitetet i Stavanger (UiS) har sagt opp stillinga si der, for å jobba med Bokn si kultur-soge. Han disponerer framleis kontor ved UiS, samstundes som han har fått kontorplass i 1. etasje på Boknatun. Fast kontordag på Boknatun blir på torsdagane.



**Birger Lindanger starta torsdag 29. april arbeidet med å samla Bokn si kulturhistorie mellom to permar.**

Me gler oss over at arbeidet nå er starta opp, og ser fram til ei interessant 500-siders tjukk bok om Bokn si

kulturhistorie. Bokn Bygdablad vil fylgja heile prosessen.

11. mai oppretta Formannskapet fylgjande bygdeboknemnd til arbeidet med Bokn kulturhistorie:

Leif Vatnaland (leiar)  
Olaug Hognaland  
Sigvart Våga  
Reidar Alvestad  
Arne Øvrebø  
Olav G Larsen  
Jardar Havikbotn (sekretær)

Bygdeboknemnda er kommunen sitt organ i bygdebokarbeidet.

Arbeidet til forfatteren blir fulgt opp med å t.d. lesa gjennom manuskriptet, koma med tilbakemeldingar, foreta intervju, avfotografering av avisartiklar, samla inn foto m.m.

Bygdeboka blir til i samspelet mellom nemnda og forfatteren.

# Forandringar på kyrkjegarden

Jardar Havikbotn

**I desse dagar reiser det seg eit nytt bårhus på kyrkjegarden.**

Huset er på 60 m<sup>2</sup> og blir oppført av firmaet Even Heggland. Det blir loft på halve bygget, som skal stå ferdig før fellesferien.

Kyrkjeverge Svanhild Alvestad opplyser til Bokn Bygdablad at bygningen får eit andaktsrom med kjølecelle, med plass til to kister, i den eine delen - og dusj, toalett, kjøkken og opphaldsrom/kontor i andre enden.

Det blir ei opningsmarkering av det nye huset til hausten.

Heile det gamle bårhuset skal nå bli eit reiskapshus.



## Nye dunkar

Alt avfall på kyrkjegarden skal oppi dei nye dunkane frå HIM.

Kommunal tilsynsmann, Arild Ognøy fortel at dei nå har fått to store søppel

dunkar, som er plasserte ved kyrkje gardsporten.

Det er klargjort med Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) at alt avfall på kyrkjegarden skal hivast oppi desse.

## Privat

## Næringsliv

### TAKK!

*Tusen takk for all oppmerksomhet i anledning min 80 års dag.*

*Jakob Vågshaug*

### BOSTED

Familie på fem trenger et sted å bo, helst i Føresvik eller i nærheten - fra august.

**Petra Ognøy 970 96 790**  
**Hans jørgen Ognøy 916 19 617**

### TAKK!

*Hjertelig takk til alle som huska meg på 70 års dagen.*

*Hilsen Karl Are*

### TAKK!

*Hjertelig takk for oppmerksomheten i anledning min 60 års dag.*

*Marlanne Øvrebø*



# COOP MARKED BOKN



**Mandag til fredag: 09.00 - 18.00**

**Lørdag: 09.00 - 16.00**

**Drivstoff hele døgnet - kortautomat**

**VI HAR NÅ TILBUD  
PÅ JORD OG BARK**



For deg som ønsker en  
av bankens beste renter:

# Smart Kapital- konto

Smart Kapitalkonto er et løpende fastrenteinnskudd  
hvor renten settes hver måned. Slik oppnår du bedre  
rente over tid.

Forutsetter at vilkår for produktbredde er oppfylt.  
Gjelder også for alle kunder over 70 år.

Innskudd over kr 100 000,-  
Rente 25.5. - 25.6.:

# 2,95%\*

\*Gjelder for innskudd over 100.000 kroner fra første krone.  
Gjelder fra 25.05.2010. Rente for neste periode fastsettes  
den 10. hver måned.

Ring **02002** eller kom innom.



Laila Rasmussen  
Kunderådgiver  
SpareBank 1 SR-Bank Tysvær

Bank. Sparing. Og deg.

SpareBank   
SR-BANK

## Næringsliv

### Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

### Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.  
Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.  
Pris pr. dag kr. 100,- + moms  
for leige av vridbar pusseskuffe.

#### Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

## Div. tenester på Boknatun

### BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker. Opningstider 08 – 15.30. Telefontider 08-11 og 13-14. Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig kapasitet!

**Dag-Helge Rønnevik - lege**

### DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00  
Treg du skyss, blir du henta på døra.  
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.  
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivtør**

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

**Bjørn Bruaset - jordbrukssjef**



## HÅRSMIÅ



Alle er hjertelig velkommen til ein klipp her på HÅRSMIÅ.

Du får den 5. klippen gratis. Dette gjelder både barn og voksne, inkludert dei som ønsker å bli klipt hjemme.

**Eg har nå starta opp med permanent igjen.**

**Sommerferie i juli og første uka i aug.**

**Starter opp igjen halvannen uke før skulestart (9. august)**

Eg har åpent hver dag, klipper gjerne på lørdager om eg er hjemme.

**52 74 86 47 - 46 44 29 20**

### HELSEØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, onsdagar og fredager kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**



### NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 – 14.30  
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

**Unn A. Mustaparta - leiar**

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuger.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61  
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

**Me kan t.d. hjelpe deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)



### FRISØRRUMMET PÅ BOKNATUN



**Sommer og ferietid**

Ferien min blir delt i år:

\* Salongen blir stengt 23. juni til 11. juli

\* Åpen 13. Juli - ut juli - ferie uke 31 og 32

Mine åpningstider er tirsdag t.o.m. fredag kl. 09-16 i partallsuger.

Kan være fleksibel med åpningstidene i oddetallsuger.

**Sommerhilsen fra Anita**

**99 32 55 34 - 52 74 85 34**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

**Enkelte laurdagar etter avtale.**

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. **52 74 83 98/99 70 74 28**

Direkte nr.: 52 75 25 33

**Rita Bokneberg - fotterapeut**



**Bokn bibliotek**

**Opningstider:**

Mån. 16.00 - 19.00 (Prøveordning 2010)  
Tys. 09.00 - 13.30  
Ons. 16.00 - 19.00  
Tors. 09.00 - 13.30

**Prøv ei  
annonse i  
Bokn Bygdablad**

Div. tenester på Boknatun



## Hagedagen 2010

Tekst: Kjetil Hamre - foto: Ina V. Tangen



**Skulen var igjen arena for den årlege hagedagen til Bokn Hagelag. Dette er for de med grøne fingre og dei som bare blir innsausa av brun jord.**

ryddinga av rommet sitt for ting å selje. Eg håpar i alle fall det var eigne rom og ikkje bror eller syster sitt som var raida i jakt etter salbare objekter.

påfallande godt. Jammen meg fekk eg og litt grønt på fingrane. La oss håpa det ikkje berre var grønske!



Blomebilen var på plass og i dette hjørnet av marknadsplassen var det ikkje berre humler som summa av garde. Det var vekster av ulike slag og til ulike behov. Til og med den utskremte reportar fann noko til hagen her.

Gjekk ein noko lengre til høgre hadde ein lykkehjul med mange premiar. Denne kroken var interessant for mang ein liten pode. Ut over hjulet var det sjølvsagt barsalodd å få fatt i med flotte hovudpremiar. Her tok eg lodd, men premiar vart det ikkje i år heller.

Ein hadde ei rekkje med bord ein kunne kvila føtene ved. Det var og moglegheiter for kjøp av drikke og noko å bite i medan ein sat der.

Ytterst til høgre var det borna som hadde sin vesle maknads krok. Her var det og sal av drikke og mange hadde gått amok i



Det heile var velsigna med eit strålende vær og humøret til alle på skuleplassen var



### BILDETEKSTAR FRÅ TOPPEN:

**Kvila såre føter.  
Som maur rundt blomebilen.  
Bokns kraftigaste vasslange kom på besøk.  
Unge kremmarar i aksjon.**

